



Strategi for kompetanseutvikling i barnehagen

Sandøy kommune

2009-2010

Rullering av plan

Innhold:

- 1 Nasjonale strategiar og grunnlagsdokument
- 2 Rammer og føresetnader
- 3 Interkommunalt samarbeid
- 4 Plan for kompetanseutvikling i Harøy barnehage

1 NASJONALE STRATEGIAR OG GRUNNLAGSDOKUMENT

I **barnehagelov** (lov av 17. juni 2005 nr. 64) og **Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver** finn vi statlege føringar som skal sikre kvaliteten i barnehagetilbodet og oppfylle barnehagen sitt samfunnsmandat. Ein vil ta vare på og vidareutvikle ein barnehagetradisjonen som legg vekt på eit heilskapleg læringssyn, der ein ser samanhengen mellom omsorg, leik og læring, samstundes som barnehagens innhald og oppgåver skal utviklast i takt med samfunnsendringar, ny kunnskap og innsikt.

Kunnskapsdepartementet har utarbeidd ein strategi som skal bidra til eit kompetanseløft i barnehagesektoren. Gjennom **Strategi for kompetanseutvikling i barnehagesektoren 2007-2010** har KD prioritert 4 nasjonale satsingsområde som vi har arbeidd med dei siste åra:

- Pedagogisk leiing
- Barns rett til medverknad
- Språkmiljø og språkstimulering
- Samarbeid og samanheng mellom barnehage og skule

I **St.meld. nr. 41, Kvalitet i barnehagen**, pkt. 4.4 s. 29, vedr. kompetanse står det: *”Barnehagen skal være en lærende organisasjon som skal være i stand til å møte nye krav og utfordringer, og som skal drive kontinuerlig kvalitetsutvikling. Dette krever en stadig utvikling av kompetansen til alle grupper av ansatte i barnehagen”*. Regjeringa har tre hovudmål for kvalitetsarbeidet som vi tek med oss i det lokale arbeidet:

- Sikre likeverdige og høg kvalitet i alle barnehagar
Personalets faglige og personlege kompetanse er barnehagens viktigaste ressursar og ein føresetnad for at barnehagen skal vere ein god arena for omsorg, leik, læring og sosial utjamning.
- Styrke barnehagen som læringsarena
Barnehagens innhald og arbeidsmåtar skal bygge på eit heilskapleg læringssyn, der ein ser samanhengen mellom omsorg, leik og læring.
- Alle barn skal få delta aktivt i eit inkluderande fellesskap
Barnehagen skal tilby alle barn gode utviklings- og aktivitetsmuligheiter.
Eit barnehagetilbod av høg kvalitet kan bidra til sosial utjamning, tidleg innsats og livslang læring.

2 LOKALE RAMMER OG FØRESETNADER

Sandøy kommune har all barnehagedrift samla i ein kommunal barnehage. Harøy barnehage har frå august 2009 fem avdelingar, med barn i alderen 1-5 år. Barnehagen har stor etterspurnad etter barnehageplassar, og etter å ha utvida tilbodet har kommunen tilnærma full barnehagedekning. Vi opplever same utvikling som barnehagar elles i landet, der det er stor auke i etterspurnad og plassar for 1-2 åringar.

Kommunen sin organisasjonsmodell er den såkalla flate strukturen. Det vil seie to forvaltningsnivå med direkte line frå leiarane av dei ulike einingane til rådmannen. Rådmannen har delegert fullmakter til einingsleiarane, einingsleiarane rapporterer frå sine verksemdsområde direkte til rådmannen som igjen rapporterer til kommunestyret. Leiar for barnehagetenesta er både styrar og har ansvar for kommunenivå, m.a. ansvar for utviklings- og kompetansehevingstiltak. Hausten 2008 tilsette eininga ein førskulelærer i ein liten stillingsprosent som har ansvar for kompetanseutviklingsarbeid, som også vert vidareført barnehageåret 2009-2010. Bakgrunnen for dette er at førskulelæraren i 2007/2008 gjennomførte PUB-studiet (Pedagogisk Utviklingsarbeid i Barnehagen) ved Dronning Mauds Minne Høgskole og Volda Lærarhøgskule. Utviklingsarbeidet har som mål å auke den barnehagefaglege kompetansen til alle tilsette i barnehagen.

Barnehagen har pr. 15.08.09 ... tilsette, ... årsverk. Sandøy kommune har utarbeidd og vedteke arbeidsgjevarepolitiske prinsipp, retningslinjer og tiltak. Hovudmålet er: *Sandøy kommune skal ha motiverte og myndiggjorte medarbeidarar som skaper gode tenester i takt med innbyggjarane og omgjevnader. Medarbeidarane skal oppleve kommunen som ein attraktiv og utviklande arbeidsstad.* Den kraftige auken i talet på barnehageplassar har også ført til fleire nye medarbeidarar i eininga, noko ein også må ta omsyn til i det faglege utviklingsarbeidet.

Med omsyn til val av områder for kompetanseheving har Sandøy kommune vald å arbeide innanfor dei sentralt prioriterte områda. Viser òg til rapport frå DMMH: "Meir kunnskap -.... eg", kartlegging av kompetansebehov i barnehagesektoren i Møre og Romsdal 2006. Sandøy kommune var med i denne kartlegginga og konklusjonane er samanfallande med sentralt prioriterte område. I tillegg prioriterer vi lokalt kompetanseheving innan fysisk aktivitet og kosthald og IKT som arbeidsverktøy i barnehagen. Når det gjeld språkmiljø og språkstimulering har vi auka fokus på minoritetsspråkelege barn. Vi vil òg prioritere å følgje opp lokal Brukarundersøking 2009.

3 INTERKOMMUNALT NETTVERKSARBEID

Sandøy kommune er innafor barnehagesektoren i nettverk med Aukra og Misund kommunar. Samarbeidet har, og vil spele ei viktig rolle i kompetansehevingsarbeidet blant tilsette i vår kommune. Det er viktig for utvikling og motivasjon for tilsette i ei lita kommune å kome saman for fagleg påfyll i møte og på kurs. Samarbeidstiltak i nettverket er: styrarmøte, årlege kurs for alle tilsette, kortare temadagar etter bestilling/behov i kommunane. Vertskap for møter og kurs går på rundgang der ein har ansvar eit år om gangen.

Sandøy kommune er med i region Romsdal – kunnskapsnett Romsdal.

4 SATSINGSOMRÅDE FOR KOMPETANSEUTVIKLING I HARØY BARNEHAGE

I påvente av evt. ny strategi for kompetanseutvikling i barnehagesektoren frå Kunnskapsdepartementet, vel vi i Sandøy kommune å fortsette arbeidet innanfor dei sentrale prioriterte områda, samstundes som fokuset innanfor kvart område går i retning av regjeringa sine hovudmål for kvalitetsarbeidet i barnehagen.

Nasjonale satsingsområde:

- a) Pedagogisk leiing
- b) Barns rett til medverknad
- c) Språkmiljø og språkstimulering
- d) Samarbeid og samanheng mellom barnehage og skule

Lokale satsingsområde:

- e) Fokus på helse, fysisk aktivitet og kosthald
- f) IKT som arbeidsreiskap

a) PEDAGOGISK LEIING

MÅL: Utvikle og styrke leiarkompetansen blant pedagogane. Kompetansen skal nyttast til å styre utviklings- og endringsprosessar i heile personalgruppa med tanke på å realisere måla i lov og rammeplan, og å sikre god kvalitet i det pedagogiske arbeidet.

TILTAK	ANSVARLEG	NÅR	KOMMENTAR
<p>Vere kjent med Sandøy kommune sin arbeidsgjevarpolitikk</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ped.leiarar skal vidareføre kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk • Nye medarbeidarar vert kjent med kommunen sin arb.gj.politikk • Gjennomføre tiltak og oppfølging frå lokal Brukarundersøking 2009 	<p>Ped.leiarar Einingsleiar PUB-ansv./alle</p>	<p>2009-2010</p>	
<p>Vidareføring av utviklingsarbeidet</p> <ul style="list-style-type: none"> • Refleksjon og bevisstgjerjing av Barnehagelov og Rammeplanen: <ul style="list-style-type: none"> - Tidlegare arbeid (medverknad og fagområde) vert teken med i arbeide med leik/leikande samspel barn-barn og barn-vaksen. - Fagområda arbeidast med avdelingsvis: periodeplanar/temaarbeid • Få meir erfaring med og vidareutvikle bruken av praksisforteljingar: <ul style="list-style-type: none"> - Vi stiller større krav til eigenrefleksjon. - Nye medarbeidarar får kjennskap til bruk av praksisforteljingar. 	<p>PUB-ansvarleg Ped.leiarar/alle Ped.leiarar/alle Alle Ped.leiarar</p>	<p>2009-2010 Personal-møter Avdelings-møte Personal- og avdelings-møte</p>	<p><i>Ped.leiar Kristin Huse har kompetanse frå PUB-studiet som vert brukt i vidare arbeid med kompetanseutvikling i personalgruppa.</i></p>
<p>Bevisstgjerjing av barnehagen sin identitet.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Identiteten skal gjere oss i stand til å nå felles mål i arbeidet på avdelingane og synleggjere barnehagen sitt arbeid eksternt: <ul style="list-style-type: none"> - Bruk av verktøy for å reflektere over og utvikle barnehagen sin identitet: Kven/kva er Harøy barnehage? Fortid, notid, framtid ? • Ei arbeidsgruppe vurderer kommunen sin barnehagesituasjon i framtida: <ul style="list-style-type: none"> - Vi vil vere med og bidra med tankar i arbeidet. 	<p>Einingsleiar/PUB-ansvarleg Ped.leiarar Einingsleiar og Styrarassistent</p>	<p>2009- ? Ped.leiar-møte Ped.leiar-møte</p>	<p><i>Vi vil vere bevisst kva samfunnsmandat barnehagen har, og bidra til best mogleg utvikling av barnehagen som eit godt pedagogisk tilbod.</i></p>
<p>Deltaking på ulike kurs og møtestader for pedagogisk personale.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Styrarsamling og nettverksskurs i regi av Fylket • Barnehagekonferansen i Molde og Romsdalske barnehagestemne 	<p>Einingsleiar/styrar Alle/Ped.personale</p>	<p>2009-2010 Haust 2009</p>	<p><i>Vi vil delta og få info. omkring det som rører seg i barnehagesektoren.</i></p>

Utarbeiding og evaluering av dokument for Harøy barnehage <ul style="list-style-type: none"> • Utarbeide og evaluere felles dokument: <ul style="list-style-type: none"> - Årsplan, Kalender og andre informasjonsskriv 	Einingsleiar/styrar, pluss delegering til ped. personale	2009-2010 Ped.leiar-møte og individuelt	
---	--	--	--

b) BARNES RETT TIL MEDVERKNAD

MÅL: Styrke og utvikle kunnskap om barns rett til medverknad, for å kunne fornye praksis i personalgruppa i tråd med intensjonar nedfelt i lov og rammeplan. Vi ser samanheng mellom barns medverknad, meningsskapande aktivitet og barns læringsprosessar.

TILTAK	ANSVARLEG	NÅR	KOMMENTAR
Vidareutvikle tidlegare arbeid med den vaksne sin veremåte for å ivareta barns rett til medverknad <ul style="list-style-type: none"> • Vi bruker praksisforteljingar til refleksjon i arbeidet. • Utvikle og støtte leikande samspel barn-barn og barn-vaksne <ul style="list-style-type: none"> - Vaksne sine haldningar og kunnskap om leik - Leik i likestilling- og likeverd-perspektiv - Det fysiske rommet og materiale som legg til rette for leik • Bruke og utvikle fantasi, kreativitet og innlevingsevne <ul style="list-style-type: none"> - Korleis kan vaksne støtte og vidareutvikle barns leikefantasi ? 	<p>Alle Ped.personale PUB-ansvarleg</p> <p>Alle</p>	<p>2009-2010</p> <p>Avdelingsmøte Ped.leiar.møte Personalmøte</p> <p>På avdelingane</p>	<p><i>Vi har arbeidd med barns rett til medverknad, med fokus på å sjå enkeltbarnet som eit subjekt. Vi utvidar arbeidet til barndom og leik, som også har ein eigenverd.</i></p>
Bruke bilder og tekst til å dokumentere barn sine læringsprosessar <ul style="list-style-type: none"> • Vi fotograferer barn i kvardagssituasjonar og i arbeid med ulike tema • Vi gjer eit utval, lager tekst og viser fram til foreldre og andre i barnehagen. 	Ped.leiarar/Alle	2009-2010	
Dei minste barna sin rett til medverknad <ul style="list-style-type: none"> • Avdelingane for dei minste barna samarbeider ved utarbeiding av temaarbeid og Årsplan/Kalender for 2009-2010 og ved innkjøp av utstyr og leikematerial for dei minste i barnehagen. 	Personale ved Nøtteliten og Myklebust	2009-2010	<p><i>Nøtteliten og Myklebust er avdelingane for dei aller minste barna i barnehagen</i></p>

c) SPRÅKMILJØ OG SPRÅKSTIMULERING

MÅL: Styrke personalet sin kompetanse i å skape eit godt språkstimulerande miljø i barnehagen.

TILTAK	ANSVARLEG	NÅR	KOMMENTAR
Arbeid med Rammeplan, fagområdet kommunikasjon, språk og tekst, og temahefte om språk og språkstimulering <ul style="list-style-type: none"> • Vi besøker og nyttar tenester frå Sandøy folkebibliotek • Vi arbeider gjennomgåande med språkstimulering i t.d. samlingsstunder, i kvardagsaktivitetar og i leik. Vi arbeider vidare utifrå tidlegare kurs. 	Ped.personale Alle Alle	2009-2010	
Bruke Snakkepakken og Språksprell <ul style="list-style-type: none"> • Arbeidsverktøy/materiell frå Snakkepakken vert brukt i alle aldersgrupper. • Vi gjennomfører det pedagogiske opplegget Språksprell for 6-åringane. 	Pedagogisk personale og andre Sjøstjerna	2009-2010 Vår 2010	<i>Sjøstjerna er avdelinga for dei eldste barna i barnehagen.</i>
Språkstimulering for barn med minoritetsspråkleg bakgrunn <ul style="list-style-type: none"> • Tolk/språklærer 1 dag pr. veke for minoritetsspråklege barn. Arbeidet skal dokumenterast og vidareførast i avdelinga. 	Tolk/språklærer	2009-2010	

d) SAMARBEID OG SAMANHENG MELLOM BARNEHAGE OG SKULE

MÅL: Styrke kunnskap om barnehagen og skulen sin eigenart, og bidra til ein best mogleg overgang mellom barnehage og skule for barn og foreldre.

TILTAK	ANSVARLEG	NÅR	KOMMENTAR
Utarbeide lokal plan for overgang mellom barnehage og skule <ul style="list-style-type: none"> • Bruke rettleiar ”Frå eldst til yngst” <ul style="list-style-type: none"> - Kva kjenneteiknar institusjonane sin eigenart ? Kva er felles ? • Informasjonsoverføring frå barnehagen til skulen <ul style="list-style-type: none"> - Innhald og godkjenning frå foreldre 	Einingsleiar og pedagogisk personale frå barnehage og skule	2009-2010	
Skuleførebuande arbeid i barnegruppene <ul style="list-style-type: none"> • Alle barn skal få delta aktivt i eit inkluderande fellesskap i barnehagen. • Barn med særskilte behov få ekstra oppfølging 	Pedagogisk personale/alle	2009-2010	

Skuleførebuande arbeid for dei eldste i barnehagen <ul style="list-style-type: none"> • Språksprell og Mattemeis • Trening i å meistre sjølv • Besøke skulen ute og inne, og invitere 1.klassingar til barnehagen ? • Markere avslutning for barna sine år i barnehagen 	Ped.leiarar på Sjøstjerna	2009-2010 Våren 2010	
--	---------------------------	-----------------------------	--

e) IKT SOM ARBEIDSREISKAP I BARNEHAGEN

MÅL: Styrke kunnskap og ferdigheiter i bruk av digitale verkty i barnehagen, for personalet og barna.

TILTAK	ANSVARLEG	NÅR	KOMMENTAR
Innføring, opplæring og prøving i å bruke digitale verktoy <ul style="list-style-type: none"> • Vi bruker digitalt verktoy som fotoapparat, skrivarar og data <ul style="list-style-type: none"> - Vi har tilgang til data på alle avdelingar, stasjonær eller berbar - Personalet rettleiar kvarandre - Personalet legg til rette for barnas bruk av digitale verktoy 	Alle	2009-2010	<i>Ped.leiar Ingrid Huse har kompetanse frå studiet "Kreativ bruk av IKT i barnehagen" som vi nyttar</i>
Sandøy kommune er med i prosjekt som utviklar tenesteovergrepande databasert internkontroll og kvalitetssystem IKKS <ul style="list-style-type: none"> • Ped.leiarar vert kjent med dette etterkvart som det vert teken i bruk 	Einingsleiar og IKKS-ansvarleg i barnehagen	2009-2010	

f) FOKUS PÅ HELSE, FYSISK AKTIVITET, KOSTHALD OG ERNÆRING I BARNEHAGEN

MÅLSETJING: Heve kunnskapen om helse, fysisk aktivitet, kosthald og ernæring i barnehagen

TITAK	ANSVARLEG	NÅR	KOMMENTAR
Samarbeid med prosjektet God Helse <ul style="list-style-type: none">• God Helse-medarbeidar har yoga med ei barnegruppe i barnehagen• Vi oppmodar foreldre til å delta på God Helse-turar i nærmiljøet	God Helse Alle	2009-2010	
Arbeid med retningslinjer for mat og måltid i barnehagen <ul style="list-style-type: none">• Informasjons- og samarbeidsmøte 1- 2 gonger pr. år	Einingsleiar og kjøkkenansvarlege	2009-2010	
Utegrupper <ul style="list-style-type: none">• Avdeling for dei eldste har utvida gruppe, desse vert i periodar ute• Avdelingane bruker opparbeida område for utegruppe	Ped.leiarar på Sjøstjerna Alle	2009-2010	

Harøy 10.11.2009
Berit Eidem
leiar for barnehagetenesta

Kristin Huse
pedagogisk leiar